

## Referat - Utdanningsutval Fakultet for helse- og sosialvitskap, HVL

Dato: 10. september 2018, Skypemøte, kl. 9:00- 11:00

**Deltakarar:** Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleder master i klinisk sykepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleder radiografi), Inger Kristin Heggdalsvik (fagtilsett sosialt arbeid), Cecilie Thaulø Løvlid (rådgiver adm) og Hilde Kristin Tveit (senior rådgivar/sekretær adm.)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
17 /18 Godkjenning av innkalling og sakliste	<a href="#">Referat frå 11.juni</a>	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Prodekan	5 min
<b>Referat</b> UU hadde ingen kommentarar til referatet frå møtet 11. juni 2018				
18/18 Strategi 2023 for FHS	<a href="#">Strategidokument</a> <a href="#">Høyringsbrev</a>	Utdanningsutvalet kjem med innspel på strategidokumentet. Moment ein ønskjer særleg innspel på i høyringa: 1. Får strategien godt nok fram den faglege profilen og eigenarten til fakultetet? Om ikkje; Kva er det som må spissast meir eller er overflødig? 2. Gir strategien ein retning som er meiningsfull og motiverande å strekkje seg etter? Om ikkje; Kva er det som manglar eller er overflødig? 3. Vil strategien være eit godt bidrag til å realisere HVL sine overordna målsetningar?	Prodekan innleiar Innspele frå utdanningsutvalet vert tatt med i prosessen med å ferdigstille strategien	30 min

		4. Svarar strategien godt på studentane sine forventningar og behov? 5. Svarar strategien godt på forventningar og utfordringar i praksisfelt og yrkesliv?		
--	--	---	--	--

## Referat

### *Generelle innspel:*

UU tykkjer det er ein god strategi med gode illustrasjonar. UU har likevel nokre kommentarar til forbetringar.

Strategien er lang. Ein bør gå gjennom innleiinga på ny og korte ned teksten, ta vekk detaljar og formulere teksten meir framtidsretta f eks. ta vekk Aktive forskargrupper FHS pr. 2018 s. 11, ta vekk Hausten 2017 søkte vi om....s.9 osv.) .s. 16 – 20 Felles faglege satsingsområde, er og for lang med mykje tekst. Bør kortas ned.

Vidare meiner UU at FHS bør halde seg konsekvent til ordet studium og ikkje utdanning. Til dømes nyttar NTNU omgrepet studieprogram konsekvent i si strategi. UU saknar at det står noko om at vi og driv med forskning på utdanning og ikkje berre at vi driver med praksisnær forskning (s. 3 FHS i 2023).

### *Konkrete innspel:*

s. 13. UU saknar og at det står noko meir om korleis FHS tenkjer seg ei satsing på TPS, digitalisering, simulering, velferdsteknologi og e- læring skal vere. Korleis skal ein byggja kompetanse for dei som driv studieprogramma? Kva med undervisningskompetansen? Skal FHS ta ei aktiv rolle i høve det å byggje opp tilsette til å bli meritterte undervisarar? UU ynsker seg eit nytt pkt. under utdanning som handlar om bygging av pedagogisk kompetanse for dei som driv studieprogramma. Simulering blir ofte blanda med SimArena. Ein treng ikkje teknologisk hjelpemiddel for å få gjera ein simulering.

#### *s. 13 1. Utdanning*



Pkt. 1.1 Ha nøgde studentar som deltek..... Alternativt kan ein erstatta nøgd med engasjerande og fagleg dyktige studentar? Då får ein fram kvalitet aspekta som reflektera meir det som ein spør om i emneevalueringane.

Pkt 1.2 Tverrfaglig og tverrprofesjonell samarbeid er noko vagt formulert. Det er dei ferdige kandidatane våre som skal ha denne kompetansen. UU tykker setninga bør formulerast om.

Pkt. 1.6 Innsatsen for å involvere brukarar og praksisfelt i utdanningane skal styrkas: Her kan ein sjå meir på formuleringa og få meir fram kva som skal kjenneteikna våre ferdige kandidatar.

#### *s. 15 4. Organisasjon og læring*

Pkt 4.7 I dag har vi ein profesjonell støttetjeneste. Administrativ teneste skal og liggja på fakulteta, men det bør bli tydeligare korleis desse støttetjenestene skal vera (eit konkret forslag vil bli spelt inn på dette.)

<b>19/18 Kvalitetssystemet ved HVL</b>	 Kvalitetssystem _ kva og kvifor.pptx   Vedlegg Prosjektplan kvalitet	Gjennomgang av prosjektplan. Munnleg orientering om status i arbeidet.  Utvalet bes om å komme med innspel til vidare arbeid med kvalitetssystemet. F.eks: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis bør FHS gjennomføra evaluering av praksisstader?</li> <li>• Korleis kan emneplan- evalueringar best følgjast opp?</li> </ul>	Prodekan innleiar  Innspela frå utdanningsutvalet vert tatt med i prosessen med utvikling av system for kvalitetsarbeid	20 min
<p><b>Referat</b></p> <p>Dei to punktane i innkallinga blei omgjort. Prosjektleder Lene Borgen Waage var med for UU for å orienterte om system for kvalitetsarbeid som pågår i HVL. Diskusjonen konsentrerte seg om korleis UU tenker dei ulike sakene bør behandlast, kva for ei rapportering ein skal ha og kva for eit fora skal referat, rapportar ol behandlast i? Vidare kva tenker leiarane for studieprogram er viktig å få informasjon om?</p> <p>HVL har ikkje bestemt seg for om vi skal ha ein årsrapport for utdanningskvalitet eller ikkje. UU tenkjer det er viktig at type rapportering må sjåast opp mot strategien til HVL.</p> <p>Ein ser føre seg at det vert laga eit årshjul der det vert lagt inn tidspunkt for når grunnlagsdata skal utarbeidast og sendast til fagseksjonsleiarane, programansvarlege ol. UU kan sjølv bestille inngåande analyser for behandling i UU. Tema kan vere opptak, tal på søkjarar mm. Tiltak kan då setjast inn i årsplanen. Karakterfordeling sak 21 (til møtet i dag) kan vere eit eksempel som kan inngå i dette arbeidet.</p> <p>I august månad kan relevante data vere resultat frå sist semester som tal på søkjarar, opptakstall, gjennomføringsgrad i praksis – (tal på varsel for ikkje bestått praksis, mm). UU påpeikar at det er viktig å skilje mellom praksisemne (som er rammeplanstyrt praksis) og kva som er arbeidsliverfaring.</p> <p>Annan relevant data kan være tal på begrunningar og tal klager på eksamen – kor mange får betre karakter og kor mange som får uendra karakter.</p> <p>På fakultetsnivå bør ein ha eit meir overordna vurderingsblikk. Sentralt er - Kva gjer ein med tiltaka knytt til evalueringane på det ein skilde studieprogram? Har fakultet felles utfordringar ein må ta tak i? Fokus på korleis skape forbetring etter gjennomført evaluering. Fakultetet bør presentere data på ein annan måte enn for studieprogram. Kvalitetsrapport for studieprogram fungerer derimot godt. UU meiner at ein bør få til ei form for rapportering og at det bør lagast eit system på kva for emne som skal evaluerast til ein kvar tid. Det skal og utarbeidast ein rulleringsplan for periodisk evaluering av studieprogram.</p> <p>Institutta vil utvikle sin eigen strategi. Då er det viktig at dei har verktøy for å vurdere om måla i strategien er nådd. UU er redd for at om ein tar heilt vekk instituttrapportering kan det føra til at ein ikkje har eit verktøy for oppfølging. .</p> <p>Spørsmålet UU stilte seg var om dokumentasjonen alltid være i form av ein rapport? Å få presentert data på ein god måte med gode referat– kan være like effektivt som ein rapport.</p> <p>UiA har fjerna emnerapport i sitt kvalitetssystem. Dei har semestervis referat med emneansvarlig. Dette møtet referatføres . Studieprogramansvarlig leiar møtet og studieadm. er sekretær. Dei erstattar altså emnevaluering med eit referat pr. semester.</p>				

Det viktigaste er at studentane får informasjon om resultatane av evalueringa, om emnet vart endra og evt. kvifor ikkje noko endring. Det er viktig at desse tinga er transparent. Ei grunnleggjande for kvifor forslag til endring ikkje vert tatt til følge er viktig å gje til studentane.

UU meiner at internasjonalisering bør inngå i rapporteringa. Ikkje berre tal på studentar inn og ut men og internasjonalisering heime.

Andre ting som bør inn i rapporteringa er digital kompetanse og TPS. Eit viktig spørsmål blir korleis kan ein kan måla brukarmedverking og forskingsbasert utdanning?

Neste møte i UU er 6. november: Då vil utvalet få behandla det ferdige kvalitetsrammeverket. Lene deltar på det møtet. Ho tar mellombels imot spørsmål og kommentarar frå oss i UU i tida framover.

Spørsmål som og vart diskutert var om det bør vera anonym emneevaluering eller med fullt namn? Ein bør ansvarleggjera studentane og mange tykkjer ein bør ha minst muleg anonym emneevaluering.

**20/18 Utdanningsseminar 7. november**

Et utkast til program og ideer til tema vil bli lagt fram i møtet. Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel til programmet.

Prodekan innleiar

25 min

### Referat

Det er kome inn 19 innspel på tema. Institutt for velferd og deltaking får ei ekstra veke til å sende innspel på tema.

UU foreslår å ha ein felles del i starten av dagen med fleire påfølgjande parallellsesjonar. Det kan vere «speed presentasjonar» av ulike fellestema, som f. eks. bruk av simulering, e-læring, teknologi i undervisning, Canvas ol. Innspel til hovudinnlegg; Relevans i utdanning? Praksis? Rettleiing på masteroppgaven (Korleis få til en god veileiding på masteroppgåva slik at dei tilsette kan få utvikle seg som rettleiar? (kan evt og vera ein sesjon)

UU tykkjer det er kome inn mange gode innspel og tykkjer det er lurt å sjå tema i lys av strategien til FHS i den vidare planlegginga.

Meld frå til Hilde om utvalet kjem på gode tema for hovudinnlegg i tida framover.

**21/18 Karakterfordeling på bacheloroppgaven BSV utdanningene**



Rapport - Karakterfordeling på



Vedlegg til sak 21-18 Rapport bach

- Vi vil ha utdanningsutvalet si vurdering av rapporten og den oppfølginga/vurderinga som er gjort i fagmiljøet.
- Er det noko utdanningsutvalet meiner særleg bør fylgjast opp vidare knytt til rapporten?

Prodekan innleiar

20

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er dette ein type data, vurdering og rapportform utdanningsutvalet ser nytte av?</li> </ul>		
<p><b>Referat</b></p> <p>Prodekan oppdaga ved signering av vitnemåla i juni 2018 at karakterane på bacheloroppgåvane var lågare i Sogndal enn tidlegare år. Kva har skjedd? Det vart laga ein rapport for å synleggjera karakterane på dei tre bachelorprogramma på dei to campusane ved Institutt for velferd og deltaking. Fagseksjonsleiar og emneansvarlege har gitt si vurdering. Årsaka kan vere at ein kan ha lagt for lite vekt på undervisning i akademisk skrivning gjennom heile studieprogrammet. Tal på timar til rettleiing på oppgåva har også vore lågare i Sogndal enn i Bergen og kan ha spelt inn på resultat. Instituttet bes om å fylgje opp resultatata i sitt vidare kvalitetsarbeid.</p> <p>UU tykkjer at ei slik rapport er nyttig å få diskutera då det er ei god måte å synleggjere resultatata på. Dette vil i tida framover bli meir og meir viktig når studieprogramma blir samordna med like emne. Då kan ein følge med og samanlikne f.eks karakterar på dei ulike campus mm.</p> <p>UU ser at nytta av å foreslå tema som kan brukast i periodiske evalueringar av studieprogram. I oktober skal det vere eit Webinar om periodisk evaluering . Hilde sørger for å vidareformidla invitasjon til UU.</p>				
<b>22/18 Orienteringssaker</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Status Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane</li> <li>• Samkøyring av masterutdanningar og EVU</li> <li>• Status phd. søknaden</li> <li>• Endringer i Lov om universiteter og høgskoler og konsekvenser for forskrift om studier og eksamen ved HVL</li> <li>• Fordeling av e -læringsmidler</li> <li>• Statur rapportering av utdanningskvalitet – bakgrunnsinformasjon</li> </ul>	Prodekan	15 min
<p><b>Referat</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektleiare for to prosjektet: Utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane, er no tilsett.</li> <li>• Samkøyring av master- og vidareutdanningane – utsett til neste møte 6. november</li> <li>• Phd. søknaden: NOKUT har sendt vurderinga tilbake til komiteen for vidare bearbeiding. Venta resultat innan to veker.</li> <li>• NOKUT har nyleg vore på tilsyn – gjeld phd. søknaden om Ansvarleg innovasjon og regional utvikling.</li> <li>• Endringar i Lov om universiteter og høgskular og konsekvensar for forskrift om studiar og eksamen ved HVL. Det er sendt ut informasjon til alle kring endringar i klagesensurordning og krav om sensorrettleiing. Det er laga ein midlertidig mal for sensorrettleiing og så vil ei arbeidsgruppe jobbe med utvikling av ein ny felles mal. Fordeling av e-læringsmidlar.kr. 870.000 skal fordelast. Det er kommen inn mange søknader. Det har vore eit fordelingsmøte. Dokument skal sendast til søkjarane. Informasjon om tildelinga kjem i neste møte.</li> </ul>				

- Rapportering av utdanningskvalitet. Fakultetsleiinga har nyleg fått til behandling utfordringar knytt til rapportering som UU anbefalte i junimøtet skulle gjennomførast for studieåret 2017-2018 . Det er mange nye fagseksjonleiarar og frist for rapportering er for mange overraskande. UU blei utfordra på løysningar. Ved NTNU blei avgjerda om å ikkje rapportera utdanningskvalitet forankra hos prorektor for utdanning. Prodekan tar innspela frå UU med seg vidare til leiarmøtet ved fakultet.

- 

<b>23/18 Eventuelt</b>				5
------------------------	--	--	--	---

**Referat**

- BSV utdanningane skal ferdigstillast dei nye studieprogramma i november. Kven skal godkjenne desse og korleis skal prosessen være i fakultetet? Spørsmålet skal prodekan finne ei løysing på og melde tilbake.

11.9.2018